

Fire måneder på Norsktoppen!

23.06.2007

Det lukkast ikkje for Tore Myklebust (frå Uskedalen) og Helle Grankel å nå fram til den norske finalen i Melodi Grand Prix, men utover vinteren og våren har dei teke ein skikkelig revansj: No har ”Goodbye to yesterday” lege på Norsktoppen i 16 veker – altså i fire månader!

Den toppa lista i fem veker på rad og så trudde nok dei fleste at det bar nedover og kanskje snart ut av lista, men slik gjekk det ikke. Sist laurdag klatra plata frå tiande- til sjetteplassen og denne laurdagen rykka den vidare fram til femteplassen!